

ÅRSMELDING 2025

Klivrelaget



Styret 2025

Leiar:	Johannes Dahl
Nestleiar:	Håkon Igland
Styremedlemmar:	Carl Arthur Sunde, Anne Marte Jøsok, Amanda Låbakk, Peter Lillenes, Børre Wågan
Varamedlemmar:	Jan Einar Hovden
Valkomite:	Henning Langeland, Olve Havåg
Kontrollkomite	Tobias Hatløy, Oskar Solbakken

Styret sine aktivitetar

Styret har i 2025 hatt jamlege styremøte gjennom året, i tillegg til tett dialog på digitale plattformer mellom møta for å handtere små og store saker fortløpande. Arbeidet med å drifte både Ulstein Arena og Buldresiloen krev kontinuerleg oppfølging, og styremedlemmane har lagt ned ein god innsats for å sikre eit godt og trygt klatretilbod i lokalmiljøet.

Det har vore eit aktivt og innhaldsrikt år for Klivrelaget. Vi har hatt god aktivitet, stabil drift og eit aukande medlemstal. Økonomien i klubben er god, og vi står trygt rusta for vidare utvikling.

Ei særleg glede dette året er at vi har fått på plass ein hovudsamarbeidspartnar: **Sparebanken Møre**. Dette styrkar klubben både økonomisk og strategisk i åra framover.

Buldresiloen – ferdigstilling og vidare utvikling

Eit av dei store høgdepunkta i 2025 var ferdigstillinga av buldresiloen på Osnes. Prosjektet, som har vore under planlegging og bygging over tid, stod klart våren 2025. Opninga vart markert med ein flott åpningsfest med godt oppmøte og mykje positiv respons. Besøkstala etter opning har vore svært gode, og siloen har raskt blitt ein viktig møteplass for både nye og etablerte klatrarar.

Mot slutten av året fekk vi tildelt ytterlegare midlar fra Sparebankstiftinga som gjer oss i stand til å ferdigstille 1. etasje i Buldresiloen. Her skal det etablerast eit eige barnebuldrerom. Ferdigstilling er planlagt tidleg vår 2026, og dette vil styrke tilbodet vårt for dei yngste ytterlegare.

Dugnad og omskruing på Ulstein Arena

Frå og med 2025 har vi gått over til ei ny ordning med to dugnader inkludert omskruing på Ulstein Arena i løpet av året. Den første dugnaden etter den nye modellen vart gjennomført sommaren 2025.

Bakgrunnen for endringa er å gje medlemmane eit breiare og meir variert rutetilbod gjennom året, samstundes som vi får jevnare og hyppigere vedlikehald. Med to omskruingar i staden for éi får vi høve til å skifte ut fleire ruter oftare, noko som held klatring frisk og motiverande gjennom høsten og vinteren. I tillegg bidreg hyppigere dugnader til betre sikkerheit gjennom regelmessig kontroll og utskifting av slitte grep, vask av vegger og generelt vedlikehald.

Erfaringane så langt er svært positive, og tilbakemeldingene frå medlemmane har vore gode. Vi ser fram til å halde fram med denne ordninga i 2026.

30-årsjubileum

I 2025 feira Klivrelaget 30 år. Jubileet vart markert med ein eigen fest med godt oppmøte, god mat og sosialt samvær på tvers av generasjonar. Tommy og Olve tok oss gjennom delar av klubben si historie, og det vart både innlegg, samtalar og mimring. Markeringa synleggjorde kor mykje frivillig arbeid som ligg bak klubben si utvikling, og kor viktig fellesskapet er for vidare vekst.

Drift av klatreveggen på Ulstein Arena og BuldreSiloen.

Aktiviteten på Ulstein Arena har vore god gjennom året. Særleg har barne- og juniorklatringa hatt stabil og god deltaking, og mandagsklatringa i Arenaen har hatt bra oppmøte. Dette gir eit godt grunnlag for rekruttering og vidare medlemsvekst. Klubbklatringa varierer noko i oppmøte elles, og vi vil framover vurdere både organisering og tidspunkt for å sikre best mogleg deltaking.

I BuldreSiloen har vi i løpet av året hatt både ungdomsklatring og barneklatring, og vi har starta opp Tirsdagsbuldring. Det har vore jobba aktivt med vidareutvikling av anlegget, mellom anna gjennom utskifting av fleire bulderproblem og etablering av ein spraywall som gir gode moglegheiter for trening og individuell progresjon.

Med to dugnader i året får vi jamleg fornøya rute- og buldringstilbodet, noko som bidreg til variasjon, meistring og utvikling for klatrarane våre.

Utefelt og utvikling

Arbeidet med klatrefeltene går rolig, men jevnt fremover. Tore Lundberg har klubbdrillen og legger ned en solid innsats i å utvikle og vedlikeholde utefeltene. Han oppdaterer jevnlig med nye ruter og spennende utfordringer, noe som bidrar til både variasjon og progresjonsmuligheter for klatrere på ulike nivå.

I år har hovedfokuset vært på området rundt Mulevika, der flere nye ruter er etablert og eksisterende linjer er forbedret. Arbeidet innebærer både bolting, rensing av vegg og generell tilrettelegging for trygg og god ferdsel. Dette gir et stadig mer attraktivt og tilgjengelig tilbud for klubbens medlemmer og andre som ønsker å utforske klatringen i området.

Medlemstal

Medlemstalet har auka i løpet av 2025, og klubben har no totalt 349 medlemmar. Dette viser at vi har eit attraktivt og inkluderande tilbod, og at satsinga på både barn, ungdom og vaksne gir gode resultat.

Av dei 349 medlemmane er 151 kvinner og 198 menn, noko som viser ei god breidde i medlemsmassen.

Særleg gledeleg er det at heile 98 av medlemmane er barn og unge mellom 0–18 år. Dette er ei svært positiv utvikling og inneber ei dobling samanlikna med fjoråret. Den sterke veksten i barne- og ungdomsgruppa gir eit solid grunnlag for vidare aktivitet og utvikling i klubben i åra som kjem.

Økonomi

Klivrelaget har god økonomi ved utgangen av 2025. Drift av Ulstein Arena og BuldreSiloen er stabil, og prosjektmidler samt sponsorinntekter har gjort det mogleg å drifte og vidareutvikle anlegga våre utan å svekke den økonomiske tryggleiken.

Med hovudsamarbeidspartnar på plass og auka aktivitet står klubben godt rusta for vidare vekst og utvikling i 2026.